Arkiv: FE-151
Arkivsaknr: 26/1872 - 31
Saksbehandlar: Anne Erdal

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	17.11.2026	110/26
Arbeidsmiljøutvalet	23.11.2026	047/26
Ungdomsrådet	24.11.2026	049/26
Råd for personar med funksjonsnedsetjing	25.11.2026	050/26
Eldrerådet	26.11.2026	046/26
Kommunestyret		

Handlings- og økonomiplan 2027-2030/ budsjett 2027 for Øygarden kommune

Kort om saka

Kommunedirektøren sitt framlegg til handlings- og økonomiplan 2027-2030/ budsjett 2027 er lagt fram i møte i kommunestyret 05.11.2026.

Formannskapet skal gje innstilling til kommunestyret i saka. Formannskapet si innstilling skal leggjast ut til offentleg ettersyn i minst 2 veker før det vert vedteke av kommunestyret i møte 10.12.2026, jf. Kommunelova par. 14-3, 4. ledd.

Dokument vedlagt saka

Tittel
Budsjettforslag 2027 frå H, FrP, V, KrF, SL-TVØ,PP
Budsjettforslag 2027 frå Raudt
Handlings- og økonomiplan 2027 - 2030 kommunedirektøren sitt forslag
VAR-gebyr - Budsjett 2027
Gebyrliste budsjett 2027 - kommunedirektøren sitt forslag
Vedtaksbrev - Budsjett for kontrollarbeidet - 2027
Vedlegg 1 - Budsjett for kontrollarbeidet - Saksframlegg med vedtak
Vedlegg 2 - Budsjettforslag 2027 for kontrollarbeidet
Vedlegg 3 - Budsjett og rekneskap 2025/2026 for kontrollarbeidet
Søknad om driftsmidlar for Home-Start Øygarden 2027
Søknad om 4-årig tilskot 2027-2030 - Basecamp
Søknad om budsjettmidlar 2027 - Fjell Festning Lys Festival 2027

Vedlegg 1 - Budsjett 2027 - Fjell Festning Lys Festival
Søknad om budsjettmidlar 2026/2027 - Rong Brass
Vedlegg 1 - Resultatrekneskap 2025 - Rong Brass
Søknad om driftstilskot til Fjell festning 2027
Vedlegg 1 - Orientering frå styreleiar - Fjell festning 2027
Søknad om tilskot til utvikling av aktivitetstilbod og samhandling med kommunen 2027-2029 - Autismeforeningen
Vedlegg 1 - Søknad om tilskot 2027-2029 - Autismeforeningen
Søknad om tilskot til treningspark - Møvik og Skoge nærmiljøpark
Vedlegg 1 - Tilbod - Møvik og Skoge nærmiljøpark
Vedlegg 2 - Presentasjon - aktivitet - Møvik og Skoge nærmiljøpark
Vedlegg 3 - Tildeling av spelemidlar - Vestland fylkeskommune - Møvik og Skoge nærmiljøpark
Vedlegg 4 - Søknad om kommunal medverknad 18.05.26 - Møvik og Skoge nærmiljøpark
Søknad om budsjettmidlar 2027 – reguleringsplan for nytt idretts- og aktivitetsområde i Skogsvåg - Skogsvåg IL
Vedlegg 1 - Kart - over bakken - Skogsvåg IL
Vedlegg 2 - Kart - under bakken - Skogsvåg IL
Søknad om tilskot - Kystpasset
Søknad om drifts- og vedlikehaldstilskot 2027 - Museum Vest
Vedlegg 1 - Søknad drift og vedlikehald 2027 - Stiftinga Nordsjøfartmuseet, Stiftinga Kystmuseet i Øygarden og Museum Vest
Vedlegg 2 - Drift, tilbod og moglegheiter på Kystmuseet i Øygarden og Nordsjøfartmuseet i Telavåg
Vedlegg 3 - Budsjett 2026 Kystmuseet og Nordsjøfartmuseet
Vedlegg 4 - Resultatrekneskap og balanse stiftinga Nordsjøfartmuseet, Kystmuseet og Museum vest
Vedlegg 5 - Uttale om årsrekneskap frå revisor
Vedlegg 6 - ENØK analyse Kystmuseet i Øygarden
Vedlegg 7 - Tilstandsrapport Kystmuseet
Vedlegg 8 - Tilstandsanalyse Nordsjøfartmuseet
Vedlegg 9 - Tilskotshistorikk
Innspel til budsjett 2027 - Øygarden Idrettsråd
Innspel til budsjett for 2027 - Øygarden Musikk og Kulturråd
Søknad om drifts- og investeringstilskot for 2027 - Øygarden Kyrkjelege Fellesråd
Vedlegg 1 - Investeringsplan 2027-2030 - Øygarden Kyrkjelege Fellesråd

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

1. Øygarden kommunestyre vedtek kommunedirektøren sitt framlegg til driftsbudsjett 2027 og handlings- og økonomiplan 2027-2030 slik det ligg føre.
2. Øygarden kommunestyre vedtek kommunedirektøren sitt framlegg til investeringsbudsjett 2027 og handlings- og økonomiplan 2027-2030 slik det ligg føre.
3. Skatt til kommunen vert utskrive med maksimalsatsane.
4. Øygarden kommunestyre vedtek låneopptak til diverse investeringar med kr 360 mill i 2027.
5. Øygarden kommunestyre vedtek låneopptak til vidare utlån (startlån) med kr 130 mill i 2027.
6. Med heimel i eigedomsskattelova (esktl) § 2 skriv kommunestyret ut eigedomsskatt for året 2027. For eigedomsskatteåret 2027 skal det skrivast ut eigedomsskatt berre på kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum jf. esktl § 3 første ledd bokstav c. Utskrivingsalternativet omfattar også flytande oppdrettsanlegg i sjø, jf. esktl § 4 tredje ledd.

Den alminnelege eigedomsskattesatsen for skatteåret 2027 er 7 promille, jf esktl § 11 første ledd.

Takstvedtekter for eigedomsskatt i Øygarden kommune vedteke i kommunestyret 19.12.2019 skal gjelda for eigedomsskatteåret 2027, jf. esktl § 10.

Eigedomsskatten vert skriven ut i fire terminar jf. esktl § 25 første ledd.

Siste alminnelege taksering i kommunen vart gjennomført i 2023.

7. Gebyr og brukarbetaling, som vist i budsjettet, vert gjort gjeldande for budsjett 2027.
8. Tilskot til Øygarden kyrkjelege fellesråd er på kr 36 733 000 for 2027. I tillegg vert reinhaldstenester (verdi kr 1,3 mill) gjeve som tenesteyting.
9. Øygarden kommunestyre vedtek budsjett for kontrollutvalet, kr 2 153 000, for 2027 i tråd med framlegg frå kontrollutvalet.
10. Kommunedirektøren får fullmakt til å fordele lønsreserven i samsvar med resultatet av lønsforhandlingane i 2027.

Saksopplysningar

Kommunedirektøren la fram handlings- og økonomiplan 2027-2030 og budsjett 2027 i møte i kommunestyret 05.11.2026. Handlings- og økonomiplanen er det viktigaste plandokumentet for oppfølging av kommuneplanen sin samfunnsdel, og utgjer handlingsdelen til kommuneplanen etter § 11-1, 4. ledd i plan- og bygningslova.

Budsjettet for 2027 og handlings- og økonomiplanene for dei komande fire åra er utforma med tanke på dei viktige vegvala som vi står ovanfor. Fleire eldre vil ha behov for helse- og omsorgstenester, medan mange barn og unge treng støtte, oppfølging og tilrettelagde tenester frå kommunen. Dette er behov vi både må, og skal møta. Samstundes ønskjer vi å utvikla lokalsamfunna våre gjennom investeringar i skular, helsebygg og annan infrastruktur som skal koma både dagens innbyggjarar og framtidige generasjonar til gode.

Utfordringa er at vi ikkje kan prioritera alt på same tid. Nødvendige investeringar bind opp ressursar som elles kunne vore nytta til tenester her og no. Dei vala vi gjer no, vil få verknader langt utover den komande budsjettperioden. Difor må vi forvalta ressursane våre med klokskap, omtanke og langsiktig perspektiv. Målet er å sikra gode tenester til innbyggjarane, leggja til rette for berekraftig utvikling og ta vare på kommunen sitt økonomiske handlingsrom.

Budsjettframlegget har eit netto driftsresultat på kr 50,2 mill i 2027, noko som utgjer 1,2 % av brutto driftsutgifter.

Dei økonomiske handlingsreglane tilseier at budsjett skal leggast fram med eit netto driftsresultat på 1,75 %. Kommunedirektøren sitt budsjettframlegg legg opp til eit netto driftsresultat på 1,2 % i 2027, 1,3 % i 2028, 1,2 % i 2029 og 1,3 % i 2030. Eit auka driftsresultat vil føra til behov for ytterlegare innsparingstiltak, noko som er vurdert som lite ønskjeleg i dagens situasjon. I tillegg legg handlings- og økonomiplanen opp til ei oppbygging av disposisjonsfondet som kan forsvara eit lågare netto driftsresultat i nokre år.

Denne planen inneber ei stram prioritering i heile handlings- og økonomiplanen, og der det ikkje er rom for auka utgifter ut over det planen for 2027-2030 legg opp til. Om utgiftene på eit område skal aukast må det reduserast på eit anna område.

Ingen tilskot utover tilskotet til kyrkja er indeksregulert i budsjettet for 2027. Kommunedirektøren oppmodar musea til å etablera veneforeiningar. Slike foreiningar kan bidra positivt økonomisk, fagleg og samfunnsmessig.

Det er ikkje funne økonomisk rom for å styrka prosjektkapasiteten slik intensjonen var ved etableringa av Framtidssamfunnet. Ambisjonane er difor redusert til å omfatta prosjekta Kystdrone, mobilitet i regionsenteret, transportteneste for seniorar og stifting av *Moland* stiftinga.

Eit alternativ til ytterlegare innsparingstiltak er å auke kommunen sine inntekter gjennom eigedomsskatt. Dette har så langt ikkje vore ei ønskjeleg løysing, verken administrativt eller politisk. Sett i lys av konsekvensane ytterlegare innsparingar kan få for tenestetilbodet, kan spørsmålet om eigedomsskatt likevel vurderast på nytt.

Det er for 2027 lagt fram eit ambisiøst investeringsbudsjett og eit driftsbudsjett med tydelege prioriteringar. For deltaljar viser vi til kommunedirektøren sitt budsjettdokument som er digitalt tilgjengeleg her: Handlings- og økonomiplan 2027-2030

Formannskapet 17.11.2026:

Budsjettforslag frå H, FrP, V, KrF, SL-TVØ og PP - Ingvill Kvalsnes Blom Kristeleg folkeparti

Budsjettforslaget er lagt som eige vedlegg til budsjettsaka.

Budsjettforslag frå Raudt - Tom Georg Indrevik Høgre

Budsjettforslaget er lagt som eige vedlegg til budsjettsaka.

Endringsforslag - Tom Georg Indrevik Høgre

Formannskapet tilrår forslaget frå kommunedirektøren til handlings- og økonomiplan for 2027–2030 og budsjett for 2027 slik det ligg føre.

Det ligg føre to alternative budsjettforslag i saka. Formannskapet realitetsbehandlar ikkje desse forslaga i møtet. Forslaga vert rekna som innspel til saka og følgjer saka vidare fram til endeleg behandling i kommunestyret.

I tråd med kommunelova § 14-3 legg formannskapet framlegg til budsjett og økonomiplan ut til offentleg høyring i 14 dagar.

Behandling i møtet

Orientering

Kommunalsjef for Samfunnsutvikling, Silje Haukedal orienterte om framdrifta for nytt gebyrregulativ og endringar i sjølvkostområda. Presentasjonane vert lagt ved denne saka.

Votering

Dei to budsjettforslaga vart ikkje realitetsbehandla i møtet.

Endringsforslag frå Tom Georg Indrevik (H) vart samrøystes tilrådd.

Vedtak i Formannskapet - 17.11.2026 - 110/26

Formannskapet tilrår forslaget frå kommunedirektøren til handlings- og økonomiplan for 2027–2030 og budsjett for 2027 slik det ligg føre.
Det ligg føre to alternative budsjettforslag i saka. Formannskapet realitetsbehandlar ikkje desse forslaga i møtet. Forslaga vert rekna som innspel til saka og følgjer saka vidare fram til endeleg behandling i kommunestyret.
I tråd med kommunelova § 14-3 legg formannskapet framlegg til budsjett og økonomiplan ut til offentleg høyring i 14 dagar.